


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd:

A. R. Hauge, B. D. Bødker, B. Haukanes, S. Aadland



FLYGEL TIL HAGA KYRKJE

På avskilskonserten for Eilert og Anne-Lise vart det etter deira ynskje samla inn pengar til nytt tangentinstrument til kyrkja på Haga. Det gamle pianoet er heilt utslite. Me sa då at om me fekk nok pengar, kunne det henda det vart flygel. Det kom rundt 30 000 kr. inn denne dagen – Ein god start, men ikkje nok til å kjøpa eit slikt instrument.

Den nye kyrkjemusikaren var i møte med kyrkjestyret og rådde sterkt til å kjøpa flygel. Di lenger strengane er, di betre kling det. Korte strengar går særleg ut over bassen. Skal du få eit piano med god nok lyd til eit så stort rom, må det vera høgt. Er du pianist og sit bak eit høgt piano, er det vanskeleg å ha kontakt med både solistar, andre musikarar og kyrkjelyden. Uansett kan ikkje klangen samanliknast med



eit flygel.

Han rådde oss til å kjøpa flygel av eit bestemt merke – for å få mest for pengane. Dei aller minste flygla er tilpassa mindre rom, men han rådde til eit par storleikar som passa for kyrkjerommet vårt. Då me kontakta pianofor-

retningane i Bergen, viste det seg at den eine venta inn eit fint brukt flygel nett i det merket og i den storleiken som var tilrådd. Ulempa var at då måtte me kjøpa det straks, og ikkje venta til me har greidd å samla inn nok pengar. Kyrkjestyret meinte likevel at om prøvespeling viste at dette

var eit godt instrument, skulle me slå til om prisen var god. Me kunne «låna» av fondet for Haga-kyrkja så lenge. I etterkant har me fått to store gåver – kvar på 30 000, så no står det ikkje mykje att på fullfinansiering!

Prøvespelaren var overbegeistra for instrumentet, og no står det altså nystemt og fint i kyrkja. Me har hatt det i bruk i ei gudsteneste og eit bryllaup. Men på kyrkjelydsfesten den 25. oktober vil kyrkjemusikar Frode Skag Storheim gje oss ein minikonsert der me verkeleg får høyra det nye instrumentet. Som de sikkert har sett i Samningen, kjem han nok snart til å reisa frå oss – så me får nytta spelet hans medan me kan!

Frå kyrkjeboka



Døypte

15.9.

Olav Hadeland Thieme

29.9.

Andreas Vik



Vigde

12.10.

Christine Risnes og

Andre Skår



Døde

12.9.

Bergit Tømmerbakk

14.9.

Bjørn Røen

23.9.

Bernhard Nordbø

11.10.

Knut Egil Nilsen

TRUSOPPLÆRINGS- TILTAK I NOVEMBER

- | | |
|---------|------------|
| 2. | Venneparty |
| 8. | 7Eleven |
| 19. | Kro |
| 23.-24. | Lys vaken |

KOMPISLEIR

I helga var 19 5.klassingar på Kompisleir. Leiren starta på ungdomsskulen, der dei bada, leika i gymsalen og ute og baka heile 400 bollar til Kompislopemarknaden. Om kvelden gjekk dei bort til Hagakyrkja, der dei øvde på å dramatisera ein tekst frå Bibelen, som dei skulle framføra på gudstenesta om søndagen. Seinare på kvelden såg dei film og åt masse popcorn og is, før dei sov i kyrkja. Eit team frå Acta Bibelskule var med på leiren, og fortalde litt om kva dei gjorde på. Om søndagen fekk alle 5.klassingane som var med utdelt teikneserie-Bibelen Manga Messias. Alt i alt ein veldig kjekk leir!



Dramatisering av ein bibeltekst om Jesus og Peter.

MEIR GODLYD I KYRKJENE

I oktober har me alt hatt to fine konsertar på Ådland. Er du glad i song og musikk, kan du gle deg til fleire haust-arrangement i kyrkja på Haga.

25. oktober vert det **kyrkjelydsfest** i kyrkja på Haga. Det vert sjølvsagt god mat, ei inspirerende tale og allsong. Så vil lovsongsbandet til ungdomane ha eit innslag. I tillegg får me ein liten minikonsert på det nye flygelet ved Frode Skag Storheim. (Sjå lysing på plakatveggen.)

27. oktober kjem «**Gutta**» til kyrkja på Haga og har konsert saman med Samnanger barnekor og King Sing, og Fjorden barnekor frå Eikelandssosen. Barbro Sulebakk har vore her før og sunge, både saman med barnekor og vaksenkor. Denne gongen har ho altså ein gutegjeng med seg. Barnekoret lovar ein livleg kveld!

17. november vert det ein **lovsongskonsert** på Haga. Eit lovsongsband som kallar seg «Soul x Worship» har øvd jamt og trutt utover hausten med denne kvelden for auge. Her har ungdomane teke leiing og me får både høyra og vera med på songen. Dette vert bra!

Følg med i Samningen på lysingar.

DET NYE SOKNERÅDET

Anlaug Røen Hauge (leiar)
Hilde M. Aarvik
Inger E. Odland
Johannes S. Bruvik
Monica Tjønnå
Gullborg K. Aasgaard

Varamedlemmer:
Knut Inge Røen
Anne G. Tandstad
Fred Morten Ervik
Eva Hellevang
Reidun Tunes



Team frå Acta Bibelskule.



Gøy på ungdomsskulen..